



## Statens vegvesen

AASMUND EIKUM ROTERUD  
C/O HENNY STRID EIKUM ROTERUD  
6873 MARIFJØRA

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 16/132913-8 06.12.2019

### Førehandstilsegn om avkøyrsløysing – Fv. 564 Rosslandsvegen – gnr. 5 bnr. 47 – Meland kommune

Vi viser til tidlegare korrespondanse om avkøyrsløysing til eigedom gnr. 5 bnr. 47 i Meland kommune.

#### Sakshistorikk

10. august 2011 fekk Statens vegvesen inn søknad om avkøyrsløysing og dispensasjon frå byggjegrænse for eigedom gnr. 5 bnr. 47 i Meland kommune. I avkøyrsløysinga gav Statens vegvesen førehandstilsegn på vilkår, med 3 års gyldigheit frå 06.10.2011. Vilkår 1 i dokumentet var følgjande:

1. Avkøyrsløysing skal vere ferdig bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 – tre – år frå d.d., elles fell tilsegna bort. Kommunen skal ikkje gje byggjeløyve før endeleg godkjent avkøyrsløysing føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4.

I e-post 29.08.2016 og 26.09.2016 fekk Statens vegvesen spørsmål om synfaring og ferdiggodkjenning av avkøyrsløysing. I vårt brev datert 29.09.2016 gjorde vi merksam på at førehandstilsegnet ikkje lenger var gyldig, og at vi ville handsame saka som ei ny søknad om avkøyrsløysing.

I vårt brev datert 31.01.2017 informerte vi om nytt reguleringsplanarbeid som var starta for fv. 564 Rosslandsvegen, med føremål om generell opprusting og trafikksikring for mjuke trafikantar. På bakgrunn av den uklare plansituasjonen ville ikkje Statens vegvesen gi ny førehandstilsegn for avkøyrsløysing. Vi opna for at saka kunne takast opp til ny vurdering seinare. Samstundes gjorde vi vedtak om avslag på avkøyrsløysing. Avslaget var grunngitt med at vegen har haldningsklasse 2 i *Rammeplan for avkøyrsløysing og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest*, som seier at tal på avkøyrsløysing skal vere avgrensa. Samstundes skal det utarbeidast reguleringsplan for fv. 564 på strekinga Fløksand – Vikebø. Statens vegvesen vil ikkje gi løyve til tiltak som kan kome i vegen for det framtidige vegenlegget.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Vi bad samstundes om at avkøyrsla vart stengt fysisk innan 3 månader.

Statens vegvesen mottok klage på vedtaket ved din epost datert 26.februar 2017:

*«Klage på avgjørelsen.*

*Og hindre bruk av avkjøring til huset som vart bygd på 40 talet kan umulig Vera lovlig. Huset er under rehabilitering og vert ikkje utvida. Om eventuelt ny veg kjem over tomta, får ein ta som det kjem. Ny avkjøring er etter krava.*

*Skal eg ta i bruk gamal avkjøring?»*

### **Ny vurdering**

Grunna stor saksmengde og forseinkinger i reguleringsplanarbeidet, har vi diverre ikkje hatt høve til å handsame klaga før no. Vi har no kome noko lenger i reguleringsplanarbeidet for fv. 564, og det er vurdert at fylkesvegen må leggjast i ny trase nord for Leiro. Det er difor lite sannsynleg at vegstrekninga forbi din eigedom vert endra som følgje av arbeidet.

På denne bakgrunn kan vi gi ny tilsegn om avkøyrsla, med tilsvarende krav som i 2011. Når avkøyrsla er ferdig opparbeidd, skal den ferdiggodkjennast av vegeigar før den kan takast i bruk.

### **Vedtak**

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til etablering av avkøyrsla frå fv. 564 Rosslandsvegen til eigedom gnr. 5 bnr. 47 i Meland kommune.

### **Vilkår for løyvet**

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrsla skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 27.07.2011.
2. Løyvet gjeld avkøyrsla til eksisterande hytte på eigedom gnr. 5 bnr. 47 i Meland kommune.
3. Krav til frisikt 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 84 meter til begge sider. Sikta fram og bakover på vegen ved avkøyrsla må vere minimum 84. Dette inneber at alle sikthindringar (vegetasjon, terreng m.m) over 0,5 meter i planet mellom avkøyrsla og fylkesvegen må fjernast.
4. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter), jf. situasjonsplan.
5. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.

6. Krava til lengdeprofil skal haldast, jf. vedlagte prinsippskisse. Avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsl, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
8. Under avkøyrsla må det leggjast drenering med minimum 300mm i diameter med kummer og køyresterk rist. Røyrret for grøftevatn må vere langt nok, slik at sidearealet i avkøyrsla får eit fall på minimum 1:6.
9. Arbeidet må være ferdiggodkjent innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsla har sjølv ansvaret for at vilkåra i løyvet til ein kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan vegeigar trekkje tilbake løyvet.

#### **Om arbeidsvarsling, graveløyve og ferdiggodkjenning**

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla krev arbeidsvarsling og/eller graveløyve frå vegforvaltar. Vidare skal avkøyrsla vere ferdiggodkjent og formelt avkøyrsløyve gitt før avkøyrsla kan takast i bruk.

Til og med desember 2019 er det Statens vegvesen som gjer dette, kontaktadresse [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no), men frå januar 2020 skal Vestland fylkeskommune overta forvaltninga av fylkesvegnettet. Dei kan kontaktast på [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) frå 01.01.2020.

#### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland/Vestland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest, [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no), som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
MELAND KOMMUNE, Postboks 79, 5906 FREKHAUG